



Sjekkliste for egenrevisjon

31 STORFE

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2023.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



31.1 STORFEHALD



31.1.1

Registrerer du hendingar i storfehaldet ditt til ein husdyrkontroll eller husdyrregisteret innan fristen på 7 dagar?

Som driftsansvarleg har du ansvar for å registrere når nyfødde storfe blir merkte første gong, og når dyr blir flytta inn og ut av anlegget (for eksempel ved kjøp, sal eller utlån av dyr, levering til slakt, flytting til beite med andre dyr, felleseter, import eller eksport). Hugs også å registrere når dyr døyr eller blir slakta.

Du registrerer hendingar til husdyrregisteret via ein av husdyrkontrollane dersom du er medlem i ein slik. Dersom du ikkje er medlem i ein husdyrkontroll, registrerer du i skjematenesta til Mattilsynet via pålogging i Altinn. Registreringane skal vere på individnivå, og dei skal først inn seinast 7 dagar etter at hendinga har skjedd.

§ Krav

Forskrift om sporbarhet og merking av storfe	Lovkrav
Rapportering til husdyrregisteret	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

31.1.2

Stallar du opp dyra i samsvar med forskrifta om hald av storfe?

Du må sikre god dyrevelferd med godt stell og korrekt oppstalling.

- Kyr skal ha tilgang på ein liggjeplass med mjukt underlag og tett golv. Dette gjeld òg for kviger som har mindre enn to månader att til kalving.
- Kalvar under seks månader skal ikkje haldast bundne.
- Kalvar skal ha ein tørr og trekkfri opphaldsplass, og mjuk liggjeplass med tett og varmeisolerande golv.
- Storfe skal ha kunne røre seg fritt og mosjonere på beite eller i ein høveleg luftegard i minst åtte veker i løpet av året. Føresegna gjeld ikkje ukastrerte hanndyr over seks månader.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
Veileder til forskrift om hold av storfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

31.1.3

Blir klauvane på alle dyr regelmessig inspiserte, skorne ned til korrekt form og behandla ved behov?

Det anbefalast at alle avlsdyr over 18 mnd blir inspisert i klauvboks minst éin gong i året, og at klauvane blir skorne ned til korrekt form etter behov. Dette bør utførast av ein profesjonell og helst sertifisert klauvskjerar, som óg registrerar i klauvapp. Funn skal registrerast i klauvapp, Husdyrkontroll eller Helsekort klauv.

Omsetnad av livdyr: Grønn klauvstatus i samband med omsetnad av livdyr krev at eit antal tilsvarande 90 % av hodyr over 24 mnd kvart år blir undersøkt/blir skorne ned i klauvboks. Dette må utførast av klauvskjerar, veterinær eller produsent med godkjend grunnkurs i klauvskjering.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
-----------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

31.1.4

Blir funn etter inspeksjon av klauvane registrert i klauvapp, Husdyrkontroll eller i Helsekort Klauv?

Registrering ved klauvskjering er nyttig for å kunne følgje klauvhelsa i buskapen over tid, ved utgreiingar i buskap med klauvhelseproblem og for dokumentasjon av buskap og individ ved kjøp og sal. Dokumentasjon ved kjøp og sal er særskilt viktig for å redusere risiko for digital dermatitt ved innkjøp av dyr. Dessutan vil informasjon fra registreringane også kunne brukast til å utvikle tiltak som kan forbetre klauvhelsa hos norske storfe. Informasjonen nyttast blant anna i avlsarbeid og inngår i dag i Geno sin klauvindeks.

§ Krav

Animalia	Bransjekrav
----------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



31.1.5 Får alle storfe, utanom hanndyr over 6 månader, høve til fri rørsle og mosjon på beite i minst 8 veker i løpet av sommarhalvåret?

Du skal drive slik at storfe får gode høve til fri rørsle, mosjon og naturleg åtferd.

Storfe som er oppstalla i båsfjøs, skal sikres mulighet for fri rørsle og mosjon på beite i minimum 16 uker i løpet av sommarhalvåret. Dersom du ikkje har tilgang til høveleg beite for fjøs bygd før 01.01.2014, skal dyra i staden ha tilgang til ein høveleg luftegard eller eit anna utandørs område der dei kan røre seg fritt og får mosjon.

Dersom du har dyr som er fødde på ei slik tid av året at det ikkje er forsvarleg å halde dei utandørs i løpet av den første sommaren, er det nok at mosjonskravet blir oppfylt neste vår eller sommar. Når du held kalvar ute, må du ta særlege omsyn for å dekkje dei spesielle behova kalv har, slik som ly og tørt liggeunderlag, hyppig nok tilsyn, eigna behandling ved sjukdom, og nok fôr og drikke. Tiltak og rutinar for å sikre kalven nok fôr og drikke er særleg viktig når han ikkje går saman med mora.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Veileder til forskrift om hold av storfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

31.1.6

Oppfyller du regelverkskrav om eigenerklæring og karenstid ved flytting av dyr mellom anlegg?

Når storfe, svin og kameldyr blir flytta frå éin buskap til ein annan, skal den som sender frå seg dyra, leggje ved ei eigenerklæring som stadfestar at desse vilkåra for karenstid er oppfylte:

- Ingen dyr i avsendarbuskapen har vist teikn på smittsam sjukdom dei siste 14 dagane før dei blei flytta.
- Dyra har vore meir enn 30 dagar i avsendarbuskapen før dei blei flytta, med unnatak av dyr som er fødte i buskapen.
- Avsendarbuskapen har dei siste 14 dagane ikkje teke imot klauvdyr (obs: gjeld også småfe) frå andre buskapar, fellesbeite eller dyreflokkar.

Eigenerklæringa skal ikkje vere eldre enn 7 dagar, og ho skal oppbevarast i eitt år i dyrehaldet som tek imot dyra.

§ Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



31.1.7

Har du ein skriftleg rutine for korleis dyra sikrast mot skadelege gassar når du rører om blautgjødning?

Eigaren av dyra skal ha og følgje ei skriftleg rutine som beskriv korleis ein sikrar dyra mot skadelege gassar frå blautgjødning i gjødningkjellaren når gjødsla blir rørt om eller pumpa ut.

I appen KSL Trygg finn du ei arbeidsoppgåve på gjødningomrøring som du kan laste ned og tilpasse drifta di.

Så lenge gjødsla ligg i ro under golvet blir det danna ei tett skorpe, og det er svært liten fare for gjødninggassforgiftning. Under omrøring av gjødning i samband med tømning av gjødningkjellar blir denne skorpa broten, og det er da risiko for at gassar, særleg hydrogensulfid (H₂S), blir sleppt ut i skadelege mengder. H₂S ligg som gassboblar i blaut gjødning, og blir frigjorde til omgjevnadene når gjødsla røres om før utkjøring.

Ei skriftleg rutine bør innehalde følgjande:

- korleis sikre at røring skjer under vèrtilhøve som gjer det mogleg med god gjennomlufting i heile husdyrrommet
- korleis syte for skikkeleg utlufting i heile husdyrrommet
- korleis forta omrøring når flest mogleg dyr er ute
- beskriving av korleis omsynet til HMS blir ivareteke gjennom merking og avsperring av fjøsinnegangar
- beskriving av korleis røring skal gjennomførast forsiktig og under overfalta for å unngå at all gass blir frigjort momentant

§ Krav

KSL Trygg	Informasjon
Forskrift om hold av storfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt